

## Eldar Øye

---

**Fra:** foldengp@start.no  
**Sendt:** onsdag 20. juli 2022 15:23  
**Til:** Eldar Øye  
**Emne:** SV: Førespurnad om uttale i høve søknad om landingsløyve på Jakta og Keipen

Eg kan ikkje seie dette noko betre enn Knut Festø seier nedanfor.

Helsing

Øystein Folden  
Fylkessekretær, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Jakta og Keipen ligg rett opp for Hotel Union Øye, som i nyrestaurert prakt reklamerer med å vere « ein stad kor gjestar kjem for å nyte stilla, roa og det gode liv i storslegne omgivnadar.» Toppen ligg også rett ovanfor Slogen, der det er folkevandring til topps kvar dag veret tillet det. Til topps mot Jakta går nok ikkje så mange, men heilt sikkert er der grupper på veg opp Konedalen, eller i råsa frå Viddal kvar solskinsdag i juli. Korleis har *Film in Norway* tenkt å «ta særlig hensyntil utenforstående turgåere samt natur»? Det må dei forklare nærmare. ... Sette opp skilt med informasjon / advarslar? Gje turgåarane tilbod om skyss til topps? Nei, - dette er eit av dei mest ettertrakta friluftsområda i heile landet, og det må vernast mot kommersiell utnytting og støy. Lov om motorisert ferdsel opnar for nokre dispensasjonar. Vi kan ikkje sjå at der er heimel for ein dispensasjon for *Film in Norway* sin søknad. Om denne persontransporten er for å rekognosere, - «på scout med kunden», så ligg der 360 graders panoramabilete frå toppen av Jakta på nettet. Denne dispensasjonssøknaden er jo og heilt useriøs i høve til retten vi har til å anke eit eventuelt løyve til Statsforvaltaren før flyginga skjer, og også i høve grunneigarane sine rettar. Om dette firmaet skal opptre seriøst, må dei lære seg at sakshandsaming ikkje skjer på telefon til kommunen. Søkjaren må få avslag.

---

**Frå:** Eldar Øye <eldar.oye@orsta.kommune.no>

**Send:** tysdag 19. juli 2022 15:17

**Til:** 'moreogromsdal@naturvernforbundet.no' <moreogromsdal@naturvernforbundet.no>; 'foldengp@start.no' <foldengp@start.no>

**Emne:** Førespurnad om uttale i høve søknad om landingsløyve på Jakta og Keipen

Hei

Eg viser til telefonsamtale tidlegare i dag og sender over ein søknad om landingsløyve for uttale.

Helsing

**Eldar Øye**  
assisterande kommunedirektør  
Assisterande kommunedirektør stab

Mobil 93439790  
E-post [eldar.oye@orsta.kommune.no](mailto:eldar.oye@orsta.kommune.no)  
Web [www.orsta.kommune.no](http://www.orsta.kommune.no)



ØRSTA KOMMUNE